

## MØTEPROTOKOLL

<b>Organ</b>	<b>Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Fylkeshuset Leikanger</b>
<b>Møtedato</b>	<b>28.11.2017</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00 – 15:00</b>

**Faste medlemmer til stades:** Erlend Haugen Herstad, Odd Atle Stegegjerdet, Magnus Strand

Anita Æsøy

**Forfall til møtet:** Bente Underthun

**Varamedlemer til stades:**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Sekretariat for møtet:** Anne-Kjersti Stavø Stenehjem

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møteprotokoll frå 20. september vart godkjend utan merknader.

### **Orienteringar:**

Trainee Frank Tore Farsund Tveit orienterte om fagområdet folkehelse, der han var innom fylgjande tema:

- Friluftsliv for menneske med nedsett funksjonsevne
- Friluftsliv i nærmiljøet
- Kvardagsrehabilitering

Teamleiar Kenth Rune Teigen Måren og rådgjevar Frode Grøtnebø orienterte om det førebyggjande arbeidet ved dei vidaregåande skulane i fylket kring temaet mobbing. Dei var innom fylgjande tema i presentasjonen:

- Lovverk
- Statistikk
- Førebyggjande tiltak i Sogn og Fjordane
- Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane

### **Fylgjande skriv vart lagt fram til orientering:**

#### **Meldesak 1) Uttale frå fylkesrådet til mål- og strategidokumentet for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 – 2021**

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne har sende 24. oktober 2017, høyringsinnspel til opplæringsavdelinga til dokumentet om mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 – 2021. Sjå vedlegg for detaljar i høyringsinnspelet.

#### **Meldesak 2) Uttale frå fylkesrådet til handlingsplan for trafikktrygging**

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sende 2. november høyringsuttale til dokumentet handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2021. Sjå vedlegg for detaljar i høyringsuttalen.

### **Meldesak 3) Oppsummering frå landskonferansen i Stavanger 31. oktober – 1. november 2017**

Dei som deltok på landskonferansen i Stavanger, for fylkesråda for menneske med nedsett funksjonsevne, tek ei kort oppsummering og informerer resten av fylkesrådet om tema som var oppe på konferansen.

Deltakarane summerte opp med at det hadde vore gode tema som var lagt fram på konferansen. Universell utforming var som ein raud tråd gjennom heile programmet. Stryn vidaregåande skule hadde ein flott presentasjon.

### **Meldesak 4) Plan for barn og unge med nedsett funksjonsevne i Gloppen kommune**

Bente informerer fylkesrådet om planen i Gloppen kommune.

Konklusjon: Bente hadde fråfall frå møte, og informerer om dette i neste møte.

### **Meldesak 5) Rutekjøp og rutetilbod i 2018**

Hovudutval for samferdsle vedtok i møte 24. oktober rutetilbod for 2018. Rutekjøpssaka omhandla mellom anna:

- Innspel frå kommunar og andre interesserte
- Administrative endringar
- Vidareutvikling av kollektivtilbodet
- Takst for ferje, båt og buss i 2018

For å få ei fullstendig oversikt over saka kan de gå inn på Sogn og Fjordane fylkeskommune sine nettsider og lese saka. Saksprotokollen finn de som vedlegg i dette saksframlegget.

### **Meldesak 6) Nye retningslinjer for serviceskyss og TT-ordninga i Sogn og Fjordane**

Hovudutval for samferdsle vedtok i møte 24. oktober 2017 nye retningslinjer for både serviceskyssen i Sogn og Fjordane, og TT-ordninga i Sogn og Fjordane. Dei nye retningslinjene er gjeldande frå 1. januar 2018.

I løpet av veke 49 og 50 skal samferdsleavdelinga ha møte med dei tilsette i kommunane som jobbar med desse to ordningane, for å informere og få til eit tettare samarbeid med kommunane om desse to ordningane.

Oppdaterte retningslinjer for serviceskyss og TT-ordninga finn de som vedlegg i dette saksframlegget.

### **Meldesak 7) Ymse**

- **SOR-konferansen** – Odd Atle deltok på denne konferansen ein dag, der tema var: «Ferdigheter for fremtiden»
  - *Målrettet og relasjonell miljøterapi og miljøarbeid*
  - *Utvikling av kompetanse hos tenestebrukarar og tenesteytarar*

**SAK 15/17 Møtedatoar 2018 - Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**Frå sekretariat låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Møteplan vert vedteken slik den ligg føre:

8. februar  
18. april  
8. juni  
13. september  
15. november

Endringsframlegg:

Møtedato 8. februar vert flytta til 5. februar, og 13. september vert flytta til 6. september

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Møteplan vert vedteken med desse møtedatoane:

5. februar  
18. april  
8. juni  
6. september  
15. november

-----  
**SAK 16/17 Høyring regional plan for kultur - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne formulerer uttale til planprogram regional plan for kultur i møte 28. november 2017**

Endringsframlegg:

Regional plan for kultur er ein plan som skal gje kultur for alle.

Det er viktig at planarbeidet sikrar universell utforming, og tilgang til kultur for alle menneske.

Fylkesrådet ynskjer at brukar organisasjonar for menneske med nedsett funksjons evne skal vere involvert i planarbeidet.

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Regional plan for kultur er ein plan som skal gje kultur for alle.

Det er viktig at planarbeidet sikrar universell utforming, og tilgang til kultur for alle menneske.

Fylkesrådet ynskjer at brukar organisasjonar for menneske med nedsett funksjons evne skal vere involvert i planarbeidet.

-----

**SAK 17/17      Skriv og melding 28. november 2017 - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**Frå sekretariat låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Tilråding til vedtak:**

1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande
2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding, vert lagt under kvar meldesak

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Tilråding til vedtak:**

1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande
  2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding, vert lagt under kvar meldesak
-